

Miriam Kydland Skaftun
Skarsvegen 23
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8243 - 22/87217

Saksbehandlar:
Marie Victoria Rekdal Skogrand
marie.skogrand@alver.kommune.no

Dato:
15.11.2022

Kommunen manglar ein kontaktperson for skogfondkonto

Du er registrert som ein av fleire grunneigarar på Gnr.138 Bnr. 6. Det er knytt ein skogfondkonto til denne eigedommen, men vi manglar informasjon som kven som skal stå som kontoeigar. Vi ber med dette om å få opplyst kven av eigarane som skal stå som kontoeigar og dermed disponere kontoen.

Saldoen pr dd er: 0,40 kr

Registrerte eigarar:

Namn	Adresse	Poststed
Skaftun Miriam Kydland	Skarsvegen 23	5911 Alversund
Fjellsende Ørjan Risnes	Skarsvegen 23	5911 Alversund

Kva er ein skogfondkonto?

Skogfond er ei ordning for skogeigedommar i Noreg. Kvar gong det vert selt tømmer frå skogen er skogeigar pålagt å setja av mellom 4-40% av fortienesta på ein skogfondkonto. Midlane på kontoen kan berre brukast på investeringar i skogen. Til gjengjeld er 85% av beløpet unnateke skatt. Dette er ei svært gunstig ordning for skogeigarar som skal investere i skogen sin. Meir informasjon om skogfond finn du på <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk>

Kven kan disponere midlane på skogfondkontoen?

Midlane på ein skogfondkonto høyrer til eigedommen. Ved sal, eller når eigedommen blir overdratt til neste generasjon, overtek den/dei nye eigar(ane) skogfondkontoen og dei midlar som står på kontoen. Ved delt eigarskap må eigarane sjølv bli einige om kven som skal disponere kontoen og melde dette til kommunen. Ved uoppgjorte dødsbu kan ein bustyrar registrerast som disponent for kontoen.

Kva gjer me om dette ikkje lenger er ein skogeigedom?

Skogfondkonti er blitt oppretta for alle skogeigedommar med meir enn 10 dekar med skog. Sidan dei blei oppretta kan det ha vore endringar som har ført til at dette ikkje lengre er å

rekne som ein skogeigedom. Dersom eigedommen har mindre enn 10 dekar skog, kan kontoeigar søke om å få utbetalt skogfondet, og skogfondkontoen blir då sletta. Dette gjeld og der ein kan vise til at det ikkje er investeringsbehov på eigedommen dei komande 10 åra.

Opplysningar om kontaktperson for skogfondkonto må sendast skriftleg til Alver kommune. Referer til saksnummer 22/ 8243.

Dokumentet må vere underskrive av begge eigarane av eigedommen.

De kan gjerne skrive eit brev, signere, scanne og sende dette tilbake per e-post direkte til sakshandsmar på marie.skogrand@alver.kommune.no

Postadresse dersom de ynskjer å sende brevet per post:

Alver kommune, Landbruk

Postboks 4

5906 Frekhaug

Med vennleg helsing

Alver kommune, Landbruk

Marie Victoria Rekdal Skogrand

Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Miriam Kydland Skaftun

Ørjan Risnes Fjellsende

Skarsvegen 23

Skarsvegen 23

5911

5911

Alversund

Alversund